



Møteprotokoll

Utval	Innvandrarråd
Møtestad	Formannskapssalen
Dato	08.06.2026
Tidspunkt	kl 12:00 - 15:30

Frammøtte

Stein Helge Mandelid	Ap
Abdirahman Roble Ali	INNV
Nicole Anne Fraser Dube	INNV
Siri Stuve Elvatun	Sp

Parti

Forfall

Judy Nonhlanhla Lienig	INNV
Khalil Ibrahim Almohammad Agha	INNV
Ksenia Torianyk	INNV

Parti

Varamedlem

Parti

Thamer Al Mohammed Agha	INNV, ikkje møtt
Ismail Kizmaz	INNV

Andre som møtte

Agnete Hommedal Gilbakken	Rådgevar
Elin Klette	Politisk sekretær
Liv Myklebust	Stabssjef Strategi og styring
Martin William Kulild	Rådmann
Martine Kilen Samdal	Leiar Integreringstenesta
Perline Dugstad Vivås	Politisk sekretær
Rune Granli Slettemark	
Tor Helmer Halvorsen	Stabssjef Innbyggjarservice

Stilling

Protokollfører:

Martine Kilen Samdal

Møtenotat

Rådet drøfta i møtet behovet for nødvendige endringar for å finne løysingar som kan styrkje kommuneøkonomien.

Rådet drøfta moglegheita for å inkludere personar med innvandrarbakgrunn og ulik språkkompetanse i ei beredskapsgruppe. Dette kan vere viktig dersom det oppstår ein krisesituasjon, der det er behov for å nå ut til innbyggjarane med informasjon. Målet er å sikre at budskapet kjem fram til alle som treng det, uavhengig av språk og bakgrunn.

Felles rådsmøte om beredskap:

Rådet foreslår:

Kontaktpersonar for kriseteamet / beredskapskontaktar

Det bør peikast ut kontaktpersonar som kan vere bindeledd til dei ulike språkgruppene. Dersom ein vel ressurspersonar til denne rolla, er det viktig at kontaktlistene vert oppdaterte jamleg.

Det er og viktig å sikre at informasjonen som vert formidla til kontaktpersonane, vert spreidd vidare til andre i dei aktuelle målgruppene.

Innvandrarrådet kan nytte nettverket sitt til å kartleggje kva behov ulike grupper har når det oppstår ei hending eller krise. Dette kan gi verdifull innsikt i om dei etablerte kommunikasjonskanalane fungerer etter føremålet, og om informasjonen når fram til dei som treng henne.

Siri Stuve Elvatun permisjon frå klokka 14.00

Stein Helge Mandelid permisjon frå kl 14.50

Nicole Anne Fraser Dube

Leiar i Innvandrarrådet

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-04/26	Informasjon til møte i Innvandrarrådet 8. juni 2026
PS-17/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-18/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-19/26	Endeleg handsaming - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2026-2030
PS-20/26	Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027
PS-21/26	Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030
PS-22/26	Samlesak for referatsaker
PS-23/26	Ymse

04/26 Informasjon til møte i Innvandrarrådet 8. juni 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Innvandrarrådet 8. juni 2026 kl. 12.00 i Formannskapssalen på Tinghuset.

Me byrjar felles i heradsstyresalen kl 12.00, med informasjon frå rådmann om PwC rapport og budsjett. Felles lunsj ved møtestart.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melde politisk.voss@voss.herad.no eller tlf. 97676520.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Orientering om PwC rapport og budsjett/økonomiplanarbeid	Rådmann	12.00 -12.45
Pause		12.45 -12.55
Møtet er sett	Nicole	12.55 -13.00
Generell informasjon frå leiar	Nicole	13.00 -13.10
Sakshandsaming	Nicole	13.10 -13.45
Felles tema om Beredskap i lag med Eldrerådet og RMMNF Innleiing v/Rune G. Slettemark, beredskapsrådgjevar - kort presentasjon av nasjonale trusselvurderingar - kva er dei kommunale pliktene og kva er kommunane sitt ansvar innan samfunnstryggleik og beredskap? - kva planar har me og kva planar har me ikkje i Voss herad - korleis kan me definera ei sårbar gruppe - eigenberedskap, beredskapsvenn, beredskapsressurs - kva informasjon kan/bør bli gitt i fredstid Spørsmål til drøfing kring bordet - korleis kan råda brukast som ressurs i «fredstid» - kva kan råda hjelpa til med under ei krise - kva kan vera tema under eigenberedskapsveka - kven kan vera beredskapskontaktar		14.00 -15.30

Voss 29. mai 2026

Nicole Anne Frasèr Dube
Leiar Innvandrarrådet

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

INV - 04/26 Vedtak

17/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

INV - 17/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

18/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Samrøystes vedteke.

INV - 18/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

19/26 Endeleg handsaming - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2026-2030

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2026-2030 som styringsdokument for Voss herad sitt arbeid med førebygging, avdekking og handtering av vald i nære relasjonar.

Rådmannen får ansvar for å sikre iverksetjing av handlingsplanen.

Relevante tenester har ansvar for å implementere og rapportere på tiltak innanfor eigne fagområde.

Kommunalsjef for helse og omsorg får eit overordna ansvar for oppfølging av handlingsplanen, inkludert samordning, evaluering og rapportering til politisk nivå.

Innvandrarråd 08.06.2026**Handsaming**

Samrøystes vedteke.

INV - 19/26 Vedtak

Heradsstyret vedtek Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2026-2030 som styringsdokument for Voss herad sitt arbeid med førebygging, avdekking og handtering av vald i nære relasjonar.

Rådmannen får ansvar for å sikre iverksetjing av handlingsplanen.

Relevante tenester har ansvar for å implementere og rapportere på tiltak innanfor eigne fagområde.

Kommunalsjef for helse og omsorg får eit overordna ansvar for oppfølging av handlingsplanen, inkludert samordning, evaluering og rapportering til politisk nivå.

20/26 Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.
2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 11,1 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 37,5 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
-----	-------------	-------	-------	-------	-------

H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim		-16 000	-16 000	-16 000
H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin		-2 200	-2 200	-2 200
H3	Avslutta kveld- og helgebemannning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus		-1 200	-1 200	-1 200
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til minimumskrav på 27			-1 200	-1 200
T1	Etablerer sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekning på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500
T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000
O2	Redusera årsverk til leiing og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
O5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* - endra til oppvekstun Evanger		-2 000	-3 200	-3 200
O6	Avvikla Hauge barnehage	-	-1 600	-3 200	-3 200
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemannning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
O11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag	-	-1 000	-1 000	-1 000
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000
	SUM	-2 050	-40 300	-51 800	-54 600

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Vedtak - Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltid- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknytning til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar. Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også bli ein del av tiltaka.

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

INV - 20/26 Vedtak

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltid- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknytning til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar. Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på

kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også blir ein del av tiltaka.

21/26 Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjennom denne planen vedtar Voss heradsstyre overordna rammer for økonomiplanen for 2027-2030 med budsjettammer for kvart tenestoområde. Økonomiplanen vert i juni vedteke som ein retningsgjevande plan med rammer for tenestoområda og med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet. Drifts- og investeringsrammene gjev retning for vidare budsjettarbeid. Driftsbudsjettet vert vedtatt med ei netto ramme per tenestoområde, i tråd med inndelinga i dokumentet og budsjettskjema etter forskrift § 5-4. Investeringsbudsjettet vert vedtatt med ei brutto ramme per tenestoområde, i tråd med skjema etter forskrift § 5-5.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Forslag - 21/26 Retningsgjevande økonomiplan 2027-2030, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

INV - 21/26 Vedtak

Innvandrarrådet tar saken til orientering.

22/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

INV - 22/26 Vedtak

23/26 Ymse

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

INV - 23/26 Vedtak